



Valkyrien på Vaksdal. Brudedefølge åt Maria og Gustav Larsen.

Utlånt av Knut E. Knutsen

VALKYRIEN

Trygve Hvidsten

Ja, er det ikkje som berre namnet er fylt av eventyr og spenning ? Og eventyrleg og spennande tykte me som var barn for 75-80 år sidan, at mykje av det som hende i Valkyrien var. Me hadde ikkje radio, hadde aldri høyrte om fjernsyn, her var ingen bilar eller pølsebu. Etter det eg kan minnst, var det to mann på Vaksdal som hadde sykkel i den tida.

No var det nok slik for dei fleste av folket som budde på Vaksdal den tid, at det var lite av "disponible midlar". Så det var nok sjeldan at me borna kom inn i Valkyrien, dersom det vart kravd inngongspengar. Men me hadde den "gamle skuleplassen", som den då blei kalla. Den låg like inn til Valkyrien, og Valkyrien den låg om lag der vegen no tek ned mot Kolakaien.

I ljose sumarkveldar, eller når haustkvelden sitt milde mjuke myrkre seig ned over bygda, samlast me borna til leik og moro på skuleplassen. Der hadde me våre gilde stunder med alle dei fine songleikane, slike som: **Stjerner små på den himmelblå de lyser**, eller **En vakker prins uti ringen står**, eller **Det fløy en liten blåfugl**, eller **Bro, bro brille**, eller **Slå på ringen**. Stundom var det gøyemspel, - **Vi ror**, - **Vi seiler** osv. **Sist i mål** og **Tikken** var og med. Mølleeigaren, Gerdt Meyer, hadde stor omsut for arbeidarane ved Mølla, - både timeleg og åndeleg. Han fekk bygt eit nokså stort hus, det låg omlag der dei lastar bilar med forblanding. Huset vart mnyttta som skulehus, Bruksskulen blei den kalla, og der fekk borna til dei tilsette ved Mølla gå i skule. Og Skuleplassen som er nemnd tidlegare, hørde såleis til denne skulen. Meyer fekk og sett opp eit hus heilt nede ved sjøen, på Kolakaien. Der vart det handel, slik at dei tilsette ved Mølla og andre, kunne få kjøpe det dei trong om. Når ver og vind hindra folket på Vaksdal å koma til kyrkje på Bruvik, - hende det at Meyer samla dei som ville, på ein verkstad i Mølla, og der las han frå andaktsbøker til folket.

Så hende det at der kom ein dansk møllemeister til Mølla. Denne møllemeisteren hadde nok heilt andre interesser enn mølleeigaren. Mølleeigaren skipa til juletefestar i Skulehuset for arbeidarane og deira familiar. Møllemeisteren skipa til juleball i same huset. Om juleballfestane heiter det i eit gammalt skriv: "Her må børnene gå omkring juletreet i to timer. Så må de på dør. Så er det en stund musikk, og så dans for voksne. Han tog ganske rolig skolehuset til ballsal. Men det pudsige ved sagen var at det kostet 50 øre for voksne og 25 øre for barn." Truleg har det kome klage på denne bruken av skulehuset. Og så fekk møllemeisteren ca. 1890-95 sett opp det huset som fekk namnet **Valkyrien**.

Valkyrien var eit mykje enkelt "samfundshus". Du kom inn i salen gjennom ein liten gang i nordenden av huset. Over inngangen var eit smalt galleri, som gjekk over heile breidda av huset. I søre enden av lokalet var og eit galleri. Dette var meir romsleg, her var rom for eit piano og nokre musikarar.

Når ein hadde basar i Valkyrien, var det som oftast "restaurant" under galleriet. Restauranten var skild frå salen med ein skranke. Å gå inn i restauranten var å "gå idnom". I restauranten kunne ein få kaffi og sjokolade. Fine smørbrød og fine kaker. Det var fruier og "madammer" som skipa til basaren, som stod for serveringa. I min barndom hende det ein gong at eg var "idnom". Det var ein snill mann som spanderte. På eine langveggen mot aust stod ein svær ovn. Det var ikkje vanskeleg å få det varmt i salen.

Tenkjer me oss 75-80 år attende i tid, finn me mangeslags "aktivitetar" i Valkyrien. Frelsesarmeen kom til Norge i 1888. Utsendingane kom og til Vaksdal og dei fyrste barnemøta vart haldne i Valkyrien, truleg omkring 1910-1915. Men her var og andre møte. Sjølvaste Martin Tranmæl heldt politisk møte med påfylgjande diskusjon i Valkyrien.

Her heldt ein bryllaup, her var det dokketeater, linedansarar både utanfor og inne i Valkyrien. Og her var det dans. Medan ombygginga av jernbanelina i Langhelleområdet vart drive, var det ofte dans i Valkyrien. Då kom "slusken" som dei vart kalla, og då kunne det nok gå litt "heitt" føre seg. Men det vert fortalt at millom dei svære anleggsarbeidarane, var er ein som klarte å halde nokolunde orden i salen. Når alkoholen steig til hovudet på sume av dei dansande, og dei fekk hug til å prøve krefter med slusken, la denne karen den store svarte hatten sin midt på dansegolvet. Så var det då å sjå om nokon våga å vere bort i hatten; det var teiknet på utfordring. Men kor ustøe dei dansande tyktest vera, alle svinga dei langt utanom den svarte hatten. Såleis vart den svarte hatten eit godt "ordensvern" på dei elles nokså ville dansefestane.

Den nye kornsiloen som Mølla bygde i 1910, - kom så nær inn til Bruksskulen at Meyer fekk bygd ny skule oppe på Vaksdal, der skulen er no. Det som hadde vore Bruksskulen tidlegare, vart så gjort om til husvære for fleire familiar. Gamle Bruksskulen er borte, - det er lite att av gamle skuleplassen, - alle hus som stod der i området er borte, - alle borna som leika på Skuleplassen er blitt eldre, - mange av dei er borte. Valkyrien stod vel fram mot 1960, då vart den riven.

I sørvest enden av skuleplassen står enno to stor eiketre. Dei stod der for omlag 80 år sidan då eg med andre born leika på skuleplassen.

I solgangsvinden sumardagen høyrer eg vinden kviskrar i det tunge eikelauvet. Det er som eg høyrer dei kviskra: "Alt har si tid, - alt har si tid", som det skrive står i den gamle visdomsboka.